

Skatten frå Miklagard

Robert blir med mora til Vestfold. Mora er arkeolog. Ho og gruppa hennar har funne ei vikinggrav. Kan ho romme store skattar?

«Rooooobert!» Det var stemma til mora.

«No må du vakne.» Mora stod i døropninga.

Robert vakna med eit gisp. *Kvar er eg?* Han hadde drøymt om eit vikingskip med ein gut som stod heilt framme på skipet. Robert blei sitjande i senga.

Då kom han på plankebiten! Kvelden før hadde Robert teke med seg ein plankebit frå staden der mora og dei andre grov. Det var eigentleg ikkje meininga. Det hadde berre skjedd. Og no var det vanskeleg berre å levere han tilbake. Å ta med seg noko frå utgravinga var strengt forbode.

Først då mora drog for å grave vidare, tok han pinnen fram frå gøymestaden under hovudputa. Han kikka på han. Fire bokstaver var rissa inn i treet. Men dei var umoglege å lese. Så forstod han det.

Runer! Han hadde funne ein plankebit med runer!

𐌺𐌿𐌿𐌿 Kva i alle dagar betydde det? Han innsåg at han ikkje kunne noko om runer. Å spørje mora kom ikkje på tale. Dette må eg til botnen i, tenkte han, og eg må klare det på eiga hand.

Han gjekk ut av huset og ned til utgravinga.

«Noko nytt?» spurde han mora.


«Det kan du trygt seie,» sa mora. Ho smilte.

«Vi har fått datert skjeletta og knoklane. Dei levde ein gong på 900-talet. Så vi er temmeleg sikre på at vi har funne høvding Njål og familien hans.»

Robert gjekk opp til huset igjen. Han hadde ei kjensle av at det var noko kjent med plankebiten han hadde funne. Runene minte han om noko. Noko han hadde sett før. Men det kunne ikkje stemme. Han hadde jo nettopp funne han i ei 1000 år gammal grav.

Han tok fram nettbrettet og begynte å søkje.

Dette må eg berre finne ut av!



Forenkla med løyve frå Tom Egeland

Oppgåver:

Sjå Elevbok 7A side 25.
Gjer oppgåvene 1–6.